**TYSNES KOMMUNE**
Rådmannskontoret
Rådhuset
5685 UGGDAL
Telefon 53 43 70 10
Telefaks 53 43 70 11

FINANSDEPARTEMENTET
3 0. SEP. 2004
Saksnr. 04/1847-218
Arkivnr.

Finansdepartementet
Sakttelovavdelingen
Postboks 8008 Dep

0030 OSLO

UGGDAL, 27.09.04

| *Saksnr.* | *Dok.nr* | *Arkivkode* | *Avd/Sek/Saksh* | *Dykkar ref.* |
|---|---|---|---|---|
| 04/00546 | 007123/04 | 116 | FSK/FEL/JOSE/ådh | |

**HØYRING NOU 2004:12 - "BEDRE SKATTEOPPKREVING"**

Me viser til Dykkar skriv 18.06.04, der kommunen vart invitert til å koma med uttale i samband med skatteoppkrevjarutvalet si utgreiing – NOU 2004:12 Bedre skatteoppkreving.

Då formannskapet i Tysnes i møte 21.09.04 hadde sak føre om emnet vart det vedteke å gje slik uttale:

"1. Tysnes kommune meiner skatteinnkrevjinga framleis må vera ei kommunal eller felleskommunal oppgåve, då erfaringane med dette er gode. Dette synet er grunngjeve mellom anna utifrå omsyn til innbyggjarane sin rettstryggleik, nærleik til brukarane, oppretthalding av lokaldemokratiet gjennom folkevalt innsyn og kontroll, og ikkje minst med tilvising til den gode løysingsgraden dagens system har m.o.t inndriving av skattekrav.

2. Det er dokumentert at kvaliteten på skatteinnkrevjinga i Noreg er svært god, men det finst likevel eit forbetringspotensial. Dette kan etter vårt syn best gjennomførast innanfor ramma av framleis kommunalt og lokalt ansvar for skatteinnkrevjinga."

Med helsing
Tysnes kommune

Audun Hovland
rådmann

Jon Sævartveit
konsulent

Kopi: Økonomikontoret